

**På ekspedisjonens dag nummer 7 over Grønland fekk Sølvi Eik frå Uskedalen og dei 12 andre oppleve noko svært uventa: Skikkeleg kladdeføre med opptil pluss 4.**

Men etterkvart vart det fine spor etter førstemann - nesten som preparerte spor i marka og dei sette ny distanserekord med 26 kilometer.

Dei enda på 1.844 meter overhavet til kvelds.

Bjørn Sekkesæter, som er ekspedisjonsleiar saman med Cecilie Skog og den einste hanen i korga, er i rapporten frå denne dagen full av ros om deltakarane.

Dei er godt motiverte og godt trente og i tillegg prega av godt humør - så kva meir kan ein ynskja?

Av Ola Matti Mathisen